

*Inger Schoonderbeek Hansen, Tina Thode Hougaard og Peter Widell (udg.):
14. Møde om Udforskningen af Dansk Sprog, Århus 2012*

Dansk skriftspråkspåverknad på norske gardsnamn

Gunnstein Akselberg
Universitetet i Bergen

1. Korleis påverkar dansk skriftspråk skrivemåten av norske gardsnamn?

Temaet i denne artikkelen er korleis eldre danske skriftspråksformer av norske stadnamn, her gardsnamn, har påverka den norske skrivemåten av desse namna. Gjennom dei vel 400 åra Noreg var i union med Danmark – frå 1397 då Kalmarunionen vart inngått og fram til unionsoppløysinga i 1814 – men også i perioden etterpå og heilt fram til i dag, har dei danske skriftspråksformene av norske stadnamn påverka både den norske uttalen og den norske skrivemåten av mange av desse namna.

Det var sjølvsagt berre eit fåtal av alle dei norske stadnamna som vart skriftfeste i dansk form i denne perioden – ein tidbolk som har fått merkelappen dansketida – men nokre av dei mest sentrale namna vart det, og ei særleg gruppe av desse er gardsnamna. Heilt fram til i dag har dei danske skriftspråksformene av norske gardsnamn spela ei viktig rolle i diskusjonen om korleis norske gardsnamn skal uttalast og skrivast. Særleg viktige har dei eldre danske skriftspråksformene vore i diskusjonen om korleis norma for den offentlege skrivemåten av dei norske gardsnamna skal vera i dag.

For å kasta ljøs over denne problemstillinga, vil eg her presentera nokre resultat frå ein liten studie av korleis den danske skriftspråkspåverknaden på namnegruppa gardsnamn har vore i Voss kommune som ligg i Hordaland fylke, i Vest Noreg.

2. Framande stadnamnformer i Noreg

2.1 Eit lågtysk namnedøme

Det finst mange framande skriftspråksformer av norske stadnamn i Noreg. Nokre av desse er innarbeidde både i det norske skrift- og talespråket, medan andre har overlevd som eksotiske eller kuriøse former som vert trekte fram i særtilfelle, og dessutan finst det mange einskilde språktrekk frå dei framande namneformene som har overlevd i dei moderne namneformene.

Ei av dei mest kjende framande namneformene i Noreg er bynamnet *Bergen*. I mellomalderen fanst dette bynamnet i mange ulike skriftformer, men der hovudforma må ha vore *Björgvin*. Dei eldste norske skriftformene er frå 1200-talet, og i perioden frå 1200-talet til ca. 1370 er det skriftformene *Biorgvin* og *Björgvin* som dominerer. Den urnordiske forma må ha vore **Berga-winju*. Frå ca. 1370 til ca. 1460 dominerer skriftforma *Bergvin*, og etter ca. 1460 er det skriftforma *Bergen* som rår grunnen. Namneforma *Bergen* er truleg av lågtysk, meir spesifikt mellomlågtysk, opphav. Det er nok sannsynleg at det er nederlendarar eller tyskarar som tatt i bruk denne forma på grunnlag av den norske skriftforma *Bergvin*. På 1800-talet kom den islandske namneforma *Björgvin*, i den norvagenserte formvarianten *Bjørgvin*, inn i det norske språket. Dette er ei form som har overlevd i litteraturen og som er svært frekvent i firmanamn (t.d. *Bjørgvin VVS*, *Bjørgvin Eiendomsmegling*), i namn på lag og organisasjonar (t.d. *Bjørgvin Karateklubb*, *Bjørgvin Sykkelklubb*), og i namn på offentlege institusjonar (t.d. *Bjørgvin bispedømme*, *Bjørgvin fengsel*).

Jamfør den mellomlågtyske forma *Kopenhagen* for moderne *København*. Forma *Kopenhagen* finn i vi m.a. att i tysk og hollandsk *Kopenhagen*, i engelsk *Copenhagen* og i fransk *Copenhague*. Eldre dansk skriftform var *Kiopmanhafn* og *Køpmannæhafn*, og til samanlikning er den islandske forma *Kaupmannahöfn*. Båe formene *Bergen* og *Kopenhagen* reflekterer det opphavlege namneinnhaldet.

2.2 To danske namnedøme

I svært mange tilfelle var dei danske skriftformene av norske stadnamn forvanskingar og mistydingar. Grunnane til dette kan

Dansk skriftspråkpåverknad på norske gardsmann

vera fleire, men dei som skreiv ned desse formene – oftast danske embetsmenn eller sekretæranne deira – hadde nok vanlegvis liten lokalkunnskap, liten kunnskap om norsk språk og minimal kunnskap om dei norske talemåla, t.d. kunnskap om grunnord og utmerkingslekkar i norske stadnamn. Dessutan var den einaste skriftspråklege referanseramma i denne perioden det danske skriftspråket, som i alle fall på 1500- og 1600-talet mangla ei stødig og fast norm. På 1700-talet vart den danske skriftnorma fastare, men det fanst ikkje klare reglar for korleis ein skulle notera stadnamn, verken danske eller norske. Dessutan var det stor skilnad mellom det morfemiske og fonemiske systemet i dansk skriftspråk og norsk talemål. Denne bakgrunnen gjorde at dei danske skriftformene av norske stadnamn kunne få dei merkelegaste former på grunn av mistydingar og forvanskingar.

Ei slik merkeleg stadnamnform er den danske skriftforma *Kledebodernæ* for namnet *Klæbu* i Sør-Trøndelag (Stemshaug 1976:25). Ei av dei eldste skriftformene av dette namnet er frå 1349 då namnet er skriva i *Klæppabúi*. Normert norrøn form er *Klep-pabú*, til appellativet *kleppr* ‘fjellknatt’ og appellativet *bú* ‘gard, gardsbruk, bygt område’ (K. Rygh 1903:). Forma *Kledebodernæ* er nok kalkert etter den danske forma *Klædeboderne*, med tydinga ‘boder der det vart selt klede’, som vi m.a. finn som namn på eit område i København frå mellomalderen, *Klædebodern* (1377), og som heldt seg som namn på eit københavnsk kvarter fram til 1879, då i forma *Klædeboderne* (Jørgensen 1999:160). I dag er dette området i København kalla *Klædebo Kvarter*.

Ei anna mistydd og forvanska namneform er øynamnet *Sotra* vest for Bergen. Dette namnet hadde i norrøn tid forma *Sótr*, og innhaldet i namnet siktar til straumtilhøve rundt øya (Sandnes og Stemshaug 1997:418) og kan ha samband med verbet *suga*. I dansketida fekk *Sotra* den mistolka skriftforma *Sartor*. Av di den forvanska danske namneforma *Sartor* har status og prestisje i dag på same måten, som svært mange av dei andre forvanska danske namneformene har det, er ho i dag blitt namn på det store kjøpesenteret *Sartor Storsenter* på Straume, i Fjell kommune.

3. Gardsnamn i Voss kommune, hovudsokna

Her skal ikkje kuriøse danske mistydingar vera i fokus, men eg skal gje døme på nokre frekvente relasjonar mellom på den eine sida eldre danske skriftspråksformer og på den andre sida skriftlege norske mellomalderformer, tradisjonelle norske dialektformer og nyare tradisjonelle norske skriftformer.¹ Dessutan ser eg på dei offisielle skriftspråksformene som gjeld i dag (SSR).

Gardsnamna er tekne frå hovudsokna i Voss kommune. Hovudsokna har 254 matrikkelgardsnamn og eg har valt ut namn på 75 matrikkelgardar som illustrerer på denne språklege dansk-norske relasjonen.

Som kjelde for dei historiske skriftformene – både norrøne og danske – og dessutan for dei tradisjonelle norske lokale dialektformene, har eg nytta band 11 av det norske verket *Norske Gaardnavne. Søndre Bergenhus Amt* (red. Magnus Olsen 1911). Dette bandet omfattar Hordaland fylke i dag og dekkjer m.a. alle matrikkelgardane i hovudsokna i Voss kommune.

Som kjelde for dei offisielle skriftformene i dag har eg nytta Sentralt stadnamnregister (SSR). Dei namneformene som finst her er godkjende til bruk i offentlig samanheng eller at skrivemåten er fastsett etter at det har vore gjennomført namnesak med grunnlag i lov om stadnamn.

4. Studieobjekt

Når ein skal studera den danske skriftspråkspåverknad på skrivemåten av norske gardsnamn, er det ulike språklege fenomen som kan studerast. I denne analysen har eg konsentrert meg om tre realiseringstypar: endevokalar, komposisjonsvokalar og diftongar i grunnordsformer. Dessutan har eg tatt med nokre få døme på diftong i utmerkingslekken og diftong i usamansette grunnordsnamn. Endevokalane i dei tradisjonelle talemålsformene og dei norrøne formene, representerer morfologiske former, i fleire tilfelle historiske dativformer eller bundne former.

¹ Med termen 'nyare tradisjonelle norske skriftformer' meiner eg namneformer som har vore frevente i bruk på 1900-talet i ulike litterære kjelder og på kart, og dessutan som grunnlag for familienamnformer. Desse namneformene var særleg nytta som gardsnamnformer fram til vi fekk lov om stadnamn i 1990.

Dansk skriftspråkpåverknad på norske gardsmann

Dei norrøne formene er i fleire tilfelle rekonstruerte former slik dei finst i Olsen 1910 og som er gjorde på grunnlag av dei eldste skriftformene og tradisjonelle talemålsformer, eller nyare namneformer og tradisjonelle talemålsformer. Desse rekonstruerte formene er markerte med stjerne (*). I mange tilfelle har derimot dei eldste skriftformene – frå mellomalderen – meir eller mindre autentisk norrøn form.

I oppsetta nedanfor er dei formene som byggjer på tradisjonelle nedervde talemålsformer sette opp til venstre (for vs) og dei tradisjonelle moderne skriftformene sette opp til høgre (for vs) og så følgjer dei norrøne og dei danske skriftformene. Av di det her ikkje er høve til å setja opp alle dei eldste skriftformene og heller ikkje alle dei danske skriftformene, har eg gjort eit utval av desse ved å plukka ut dei som er mest representative.

Mange av dei gjeldande offisielle skriftformene i dag, som finst i SSR, fell saman med dei formene som byggjer på tradisjonell uttale (altså dei som står til venstre for vs), og dei nyare tradisjonelle skriftformene (dei som står til høgre for vs) fell ofte saman med slektsnamnformene.

5. Analyseresultat

I oversyna nedanfor har eg samla alle aktuelle namneformer i forskjellige kategoriar – sorterte etter endevokal, komposisjonsvokal, grunnord med historisk diftong og andre namnelekkar med diftong. Namneformene med aktuell endevokal er vidare sorterte etter kva for endevokal dei har i den dialektale nedervde forma.

5.1 Endevokal *e* for dialektal *a*

Her er tatt med alle formene der tradisjonell *a* er redusert til *e* i dei danske namneformene. Dei tradisjonelle formene på *a* representerer her historiske (norrøne) former på *a*. Desse formene er t.d. dativ sg. (**Hqfðā*) eller fem. pl. (*Flagar*).

Talemål

<i>Hovda</i>	vs	<i>Hovde</i>	* <i>Hqfðā</i>	<i>Hoffde</i> 1563
<i>Flaga</i>	vs	<i>Flage</i>	* <i>Flagar</i>	<i>Flage</i> 1563

Gunnstein Akselberg

<i>Veka</i>	vs	<i>Veke</i>	<i>*Vika</i>	<i>Wecke</i> 1500-talet
<i>Mala</i>	vs	<i>Male</i>	<i>*Mala</i>	<i>Mahle</i> 1610
<i>Takla</i>	vs	<i>Takle</i>	<i>*Paklá</i>	<i>Thackle</i> 1563

Her ser vi at at er samsvar mellom dei danske skriftformene frå 1500- og 1600-talet og dei nyare tradisjonelle skriftformene. Dessutan er det samsvar mellom dei eldste heimla norske (norrøne) skriftformene og dei nedervde tradisjonelle uttaleformene. Dei gjeldande offisielle skriftformene fell også her nær saman med dei tradisjonelle talemålsformene.

5.2 Endevokal *e* for dialektal *o*

Her er tatt med alle formene der tradisjonell *o* er redusert til *e* i danske former. Dei tradisjonelle formene på *o* representerer historiske (norrøne) former på *um* og *u*. Desse formene er t.d. dat. pl. (*Vinjum*), dat. sg. (**Grqfu*) og nyare bunden form av svakt hokjønform (**Tvinna*).

<i>Tvinno</i>	vs	<i>Tvinne</i>	<i>*Tvinna</i>	<i>Tuinden</i> 1723
<i>Kvitno</i>	vs	<i>Kvitne</i>	<i>*Kvipnum</i>	<i>Quitne</i> 1695
<i>Grovo</i>	vs	<i>Grove</i>	<i>*Grqfu</i>	<i>Grofue</i> 1695
<i>Vålo</i>	vs	<i>Våle</i>	<i>Válu</i>	<i>Walle</i> 1695
<i>Kolvo</i>	vs	<i>Kolve</i>	<i>*Hvqlfu</i>	<i>Kolffue</i> 1611
<i>Brekko</i>	vs	<i>Brekke</i>	<i>Brekku</i>	<i>Brecke</i> 1563
<i>Bjørko</i>	vs	<i>Bjørke</i>	<i>*Bjqrku</i>	<i>Biørcke</i> 1630
<i>Vinjo</i>	vs	<i>Vinje</i>	<i>*Vinjum</i>	<i>Vinnie</i> 1563
<i>Ukvitno</i>	vs	<i>Ukvitne</i>	<i>-kvipnum</i>	<i>-quittne</i> 1563
<i>Byrkjo</i>	vs	<i>Byrkje</i>	<i>Birkjum</i>	<i>Bircke</i> 1563
<i>Fitjo</i>	vs	<i>Fitje</i>	<i>*Fitjum</i>	<i>Fiidtie</i> 1611
<i>Grauo</i>	vs	<i>Graue</i>	<i>Graudum</i>	<i>Grofue</i> 1695
<i>Løno</i>	vs	<i>Løne</i>	<i>Lænum</i>	<i>Lønne</i> 1611
<i>Fenno</i>	vs	<i>Fenne</i>	<i>Fernum</i>	<i>Fenne</i> 1611
<i>Haugo</i>	vs	<i>Hauge</i>	<i>Haugum</i>	<i>Houge</i> 1611

Dansk skriftspråkpåverknad på norske gardsmann

Her ser vi at det er samsvar mellom dei danske skriftformene frå 1500- og 1600-talet og dei nyare tradisjonelle skriftformene, og at det er samsvar mellom dei eldste heimla skriftformene og dei nedervde tradisjonelle uttaleformene. Historisk *u* og *um* vert realiserte i det tradisjonelle talemålet som *o*. Dei gjeldande offisielle skriftformene fell også her nær saman med dei tradisjonelle talemålsformene.

5.3 Endevokal *e* for dialektal *e*

Her er tatt med alle formene der tradisjonell *e* finst som *e* i danske former. Grunnen til at denne gruppa likevel er tatt med her, er at ho viser at det kan finnast samanfall mellom tradisjonell form og dansk form i eit namnematriale der det motsette elles er regelen (her kategorien endevokal). Dei tradisjonelle formene på *e* representerer historiske (norrøne) former på *i*. Dei fleste av desse formene er reduserte former av grunnordet *vin*, i norrøne former ofte heimla som *in*, men einskildformer reflekterer t.d. og dativ sg. (*Rogni*). Spesiell er namneforma *Lemme* der den siste stavinga i den opphavlege dativ-forma, har i postnorrøn tid falle saman med *vin*.

<i>Lemme</i>	vs	<i>Lemme</i>	<i>Lemminum</i>	<i>Lemme</i> 1611
<i>Røte</i>	vs	<i>Røte</i>	<i>Rætin</i>	<i>Rødtte</i> 1611
<i>Sæve</i>	vs	<i>Sæve</i>	<i>*Sæðvin</i>	<i>Seffue</i> 1620
<i>Dolve</i>	vs	<i>Dolve</i>	<i>*Dolvin</i>	<i>Dolfue</i> 1695
<i>Honve</i>	vs	<i>Honve</i>	<i>Hornvin</i>	<i>Hondue</i> 1611
<i>Skjerpe</i>	vs	<i>Skjerpe</i>	<i>*Skerpin</i>	<i>Skerpe</i> 1500-talet
<i>Kvåle</i>	vs	<i>Kvåle</i>	<i>Hváll</i>	<i>Qualle</i> 1611
<i>Fjose</i>	vs	<i>Fjose</i>	<i>*Fjósi</i>	<i>Fiose</i> 1500-talet
<i>Kolle</i>	vs	<i>Kolle</i>	<i>Kolli</i>	<i>Kolle</i> 1610
<i>Rekve</i>	vs	<i>Rekve</i>	<i>Røkkvin</i>	<i>Reque</i> 1611
<i>Finne</i>	vs	<i>Finne</i>	<i>Finnin</i>	<i>Finne</i> 1611
<i>Lekve</i>	vs	<i>Lekve</i>	<i>Likvin</i>	<i>Leque</i> 1611
<i>Rogne</i>	vs	<i>Rogne</i>	<i>Rogni</i>	<i>Ronge</i> 1695
<i>Grevle</i>	vs	<i>Grevle</i>	<i>Greflin</i>	<i>Greffle</i> 1630

Gunnstein Akselberg

<i>Skjerpe</i>	vs	<i>Skjerpe</i>	<i>*Skerpin</i>	<i>Skerpe</i> 1500-talet
<i>Hefte</i>	vs	<i>Hefte</i>	<i>Heptin</i>	<i>Hefte</i> 1695
<i>Fletre</i>	vs	<i>Fletre</i>	<i>*Fletrin</i>	<i>Flettre</i> 1695
<i>Hegle</i>	vs	<i>Hegle</i>	<i>*Heglin</i>	<i>Hegle</i> 1620
<i>Endeve</i>	vs	<i>Endeve</i>	<i>Endavin</i>	<i>Endeue</i> 1611
<i>Melve</i>	vs	<i>Melve</i>	<i>Meðalvin</i>	<i>Melue</i> 1611
<i>Helleve</i>	vs	<i>Helleve</i>	<i>Helluvin</i>	<i>Hellue</i> 1611
<i>Fjose</i>	vs	<i>Fjose</i>	<i>Fjósi</i>	<i>Fiose</i> 1500-talet

Her ser vi også at det er samsvar mellom dei danske skriftformene frå 1500- og 1600-talet og dei nyare tradisjonelle skriftformene, også her er det samsvar med dei eldste heimla skriftformene og dei nedervde tradisjonelle uttaleformene. Dei gjeldande offisielle skriftformene fell dessutan nær saman med dei tradisjonelle talemålsformene. Det spesielle her er at alle dei postnorrøne formene fell saman, nettopp av di dei historiske (norrøne) formene på *i* får den reduserte forma *e* i talemålet.

5.4 Komposisjonsvokal *e* for dialektal *a*

Her er tatt med alle formene der tradisjonell komposisjonsvokal *a* er redusert til *e* i danske former. Dei tradisjonelle formene på *a* representerer historiske (norrøne) former på *a* eller *ar*.

<i>Mosefinn</i>	vs	<i>Mosafinn</i>	<i>*Mosafinnr</i>	<i>Mossefinde</i> 1563
<i>Grimastad</i>	vs	<i>Grimestad</i>	<i>*Grimarsstaðir</i>	<i>Grimestad</i> 1536
<i>Brurastolen</i>	vs	<i>Brurestolen</i>	<i>*Brúðar-</i>	<i>Brudestohlen</i> 1723
<i>Eggjareir</i>	vs	<i>Eggereir</i>	<i>*Eggjareið</i>	<i>Egereid</i> 1695
<i>Sygnabære</i>	vs	<i>Sygnebære</i>	<i>*Sygnaberdin</i>	<i>Søgneberg</i> 1695
<i>Kvarakvål</i>	vs	<i>Kvarekvål</i>	<i>Kárahváll</i>	<i>Quarequal</i> 1611
<i>Bakkatun</i>	vs	<i>Bakketun</i>	<i>*Bakkatún</i>	<i>Bachetun</i> 1610
<i>Yksnabjörg</i>	vs	<i>Yksnebjörg</i>	<i>*Yxnabjörg</i>	<i>Øxneberg</i> 1723
<i>Gjukastein</i>	vs	<i>Gjukestein</i>	<i>Gjúkasteinn</i>	<i>Giøchestenn</i> 1630

Dansk skriftspråkpåverknad på norske gardsmann

Her ser vi òg at er samsvar mellom dei danske skriftformene frå 1500-, 1600- og 1700-talet og dei tradisjonelle nyare skriftformene. Dessutan er det også her samsvar mellom dei eldste heimla skriftformene og dei nedervde tradisjonelle uttaleformene. Dei gjeldande offisielle skriftformene fell dessutan nær saman med dei tradisjonelle talemålsformene.

5.5 Sterk bunden form *en* for dialektal *è*

Her er tatt med alle formene der tradisjonell *è* finst som *en* i danske former. Desse tradisjonelle formene på *è* representerer yngre bundne former. Her finst det ikkje eldre historiske (norrøne) former å jamføra med, grunnen er nok at dette er nyare namnekomposisjonar.

<i>Bergsliè</i>	vs	<i>Bergslien</i>	–	<i>Bergslj</i> 1695
<i>Røyrliè</i>	vs	<i>Røyrilen</i>	–	<i>Rørlien</i> 1723
<i>Tveitè</i>	vs	<i>Tveiten</i>	–	<i>Tvejdten</i> 1723

Her er det òg eit samsvar mellom dei danske skriftformene på 1600- og 1700-talet og dei nye tradisjonelle skriftformene. Dei normerte formene i SSR er her avvikande frå talemålsformene når det gjeld notering av ”heile” namnet: *Bergslia*, *Røyrlii* og *Tveiti*, men det har ingenting å seia for studieobjektet her, diftongrealiseringa.

5.6 Grunnordet *heim*

Her er tatt med alle formene der tradisjonell *ei* i grunnordet *heim* er redusert til *e* i danske former. Dei tradisjonelle formene på *ei* representerer historiske (norrøne) former på *ei*.

<i>Oppheim</i>	vs	<i>Oppheim</i>	<i>Uppheimr</i>	<i>Opem</i> 1611
<i>Vestreim</i>	vs	<i>Vestrheim</i>	<i>Vestrheimr</i>	<i>Vestrem</i> 1695
<i>Lissheim</i>	vs	<i>Lissheim</i>	<i>Lissheimr</i>	<i>Litzem</i> 1630
<i>Ringheim</i>	vs	<i>Ringheim</i>	<i>Ringheimr</i>	<i>Ringem</i> 1563
<i>Nesheim</i>	vs	<i>Nesheim</i>	<i>Nesheimr</i>	<i>Nessem</i> 1563
<i>Norheim</i>	vs	<i>Norheim</i>	<i>*Norðreimr</i>	<i>Norem</i> 1563
<i>Selheim</i>	vs	<i>Selheim</i>	<i>Selheimr</i>	<i>Selem</i> 1723

Gunnstein Akselberg

Det særlege her er at ingen av dei reduserte danske formene fell saman med nyare tradisjonelle skriftformer eller slektsnamnsformer. Såleis skil denne gruppa seg ut.

5.7 Grunnordet *tveit*

Her er tatt med alle formene der tradisjonell *ei* i grunnordet *tveit* er redusert til *e* i dei fleste danske former med unntak av éi form. Dei tradisjonelle formene på *ei* representerer historiske (norrøne) former på *ei*.

<i>Hildestveit</i>	vs	<i>Hildestveit</i>	<i>*Hildispveit</i>	<i>Hillestvedt</i> 1723
<i>Tveitè</i>	vs	<i>Tveiten</i>	<i>*Þveitin</i>	<i>Tuedt</i> 1695
<i>Tveito</i>	vs	<i>Tveite</i>	<i>*Þveitum</i>	<i>Tveite</i> 1723
<i>Håtteit</i>	vs	<i>Håtteit</i>	<i>*Håpveit</i>	<i>Haattvedt</i> 1723
<i>Jeraldsteit</i>	vs	<i>Jeraldsteit</i>	<i>*Jaðraldspveit</i>	<i>Jaralstvet</i> 1723

Vi ser at den danske reduserte diftongen, *e*, ikkje finst att i nokon av dei norske namneformene. Denne gruppa fell såleis saman med gruppa ovanfor (5.6).

5.8 Grunnordet *teig*

Her er tatt med alle formene der tradisjonell *ei* i grunnordet *teig* ikkje er reduserte i danske former. Dei tradisjonelle formene på *ei* representerer yngre former. Her finst det ikkje eldre historiske (norrøne) former å jamføra med, grunnen er nok at dette er nyare namnekomposisjonar.

<i>Finnesteigen</i>	vs	<i>Finnesteigen</i>	–	<i>Fennisteigen</i> 1695
<i>Ullestadeigen</i>	vs	<i>Ullestadeigen</i>	–	–
<i>Tungeteigen</i>	vs	<i>Tungeteigen</i>	–	–
<i>Mølsterteigen</i>	vs	<i>Mølsterteigen</i>	–	<i>Mølster Teyen</i> 1723

Her er diftongen *ei* ikkje redusert i dei danske formene. Og dessutan held diftongen *ei* seg både i talemålsformene og dei tradisjonelle nyare norske skriftformene. Denne gruppa skil seg ut ved at diftongen ikkje vert redusert i dei danske skriftformene.

5.9 Andre namnelekkar med diftongen *ei* og *au*

Her er tatt med alle formene der tradisjonell *ei* er redusert *e* i danske former, og der tradisjonell *au* held seg eller vert redusert til *ø* i danske former.

<i>Eide</i>	vs	<i>Eide</i>	<i>Eiði</i>	<i>Eide</i> 1563
<i>Gjukastein</i>	vs	<i>Gjukastein</i>	<i>Gjúkasteinn</i>	<i>Giøchestenn</i> 1630
<i>Raustad</i>	vs	<i>Raustad</i>	<i>Rauðstaðir</i>	<i>Røestad</i> 1695
<i>Saue</i>	vs	<i>Saue</i>	<i>Sauði</i>	<i>Soude</i> 1630
<i>Gjøstein</i>	vs	<i>Gjøstein</i>	<i>*Gæjarsteinn</i>	<i>Giøesteen</i> 1695

Her er både diftongen *ei* og diftongen *au* delvis redusert i dei danske formene. I dei norske formene er det ikkje diftongreduksjon. Såleis fell denne gruppa i ein mellomposisjon.

5.10 Oppsummering av analyseresultatet

Analysen viser på den eine sida at i dette utvalet av matrikelgardsnamn frå Voss, finst det eit stort samsvar mellom dei danske skriftspråksformene frå 1500-, 1600- og 1700-talet og dei nyare tradisjonelle skriftspråksformene. Dessutan finst på den andre sida eit stort samsvar mellom dei historiske skriftspråkformene og dei nedervde tradisjonelle talemålsformene, som også dei gjeldande offisielle namneformene som finst i SSR-basen, samsvarar godt med.

Dei to typane av samsvar gjeld primært dei språklege kategoriane endevokalar og komposisjonsvokalar. I kategorien diftongar – representert ved grunnorda *heim*, *tveit* og *teig*, og nokre andre namneformer med diftongane *ei* og *au* – er biletet derimot eit anna. Dei historiske diftongane har i stor grad halde seg i dei fleste norske namnekategoriane, og til og med i dei danske skriftformene kan halda på dei.

At dei reduserte danske formene har halde seg i komposisjonsvokalene, kan nok m.a. ha ein samanheng med eller blitt forsterka av at komposisjonsfuger i det standardiserte norske skriftspråket, nynorsk som bokmål, ofte er reduserte former.

Gunnstein Akselberg

Som familienamn held dei reduserte danske gardsnamnformene seg både for endevokalar og komposisjonsvokalar. Men heller ikkje i familinamn er reduserte historiske diftongar representerte, altså slike som kan finnast i dei danske skriftformene. Dei historiske diftongane held seg såleis godt i dei norske namnekategoriene i motsetnad til vokalane.

Dette resultatet gjeld for dei språklege kategoriane som er studerte i denne analysen. Andre språkelege sider ved gardsnamna som kan vera interessante å studera i eit dansk-norsk normeringsperspektiv, er ikkje tekne med verken for namna som er med i denne studien eller for andre matrikkelgardsnamn i hovudsokna i Voss kommune.

6. Utkast til ny namnelov 2012

Norske gardsnamn skal normerast i tråd med retningslinene i lov om skrivemåten av stadnamn. Den gjeldande lova vart vedtatt i 1990, med seinare tillegg. Hovudprinsippa i lov om stadnamn er at gardsnamna skal normerast i tråd med såkalla nedervd uttale og i samsvar med gjeldande norsk rettskriving, i den målforma som ligg nærast opp til det lokale talemålet.

I 2012 var framlegg til endring i lov om stadnamn av 18. mai 1990 ute til høyring i relevante institusjonar. I høyringsframlegget går Kulturdepartementet inn for å skilja ut bruksnamn som ein eigen kategori under gardsnamn og gje grunneigarar det avgjerande ordet i normeringa av bruksnamn i strid med dei reglane som gjeld i dag. Lovforslaget er no til handsaming i Kulturdepartementet.

Bakgrunnen for endringsframlegget frå departementet er at enkelte grunneigarar har ønskt å kartfesta gardsnamnet i slektsnamnform (*Wegge*, *Straabø*) og dermed gje det ein ny offisiell status, i staden for å nytta dei offisielle (kartfeste) gardsnamna (offisielle former *Veka*, *Stråpa*). Forslag om å la gardbrukarane få større innverknad. Kategorien etternamn ligg juridisk under lov om personnamn (2004), som er individ- og slektsorientert, og ikkje under lov om stadnamn, som er normativ og fellesskapsorientert. Grunneigarar og andre borgarar har i lov om personnamna stor fridom til å normera etternamnet sitt som dei vil (*Vik*, *Wiik*, *Wik*, *Vig* osv.).

Dansk skriftspråkpåverknad på norske gardsmann

Innvendigane mot ei slik endring av lov om stadnamn er mellom anna at skrivemåten av gardsnamn og bruksnamn må følgja vanlege rettskrivingsprinsipp. Større bruk av ”danske” former, vil føra til større namneheterogenitet (*Li, Lid, Lie, Lied*). Ei viktig innvending har vore at dersom skrivemåten ikkje følgjer vanlege rettskrivingsprinsipp og har varierende former, kan resultatet verta forvirring i adressesøk eller søk i nettenester (GPS, redningsteneste, ambulanse- og brannutrykking).

Dersom det nye lovutkastet vert vedtatt, vil dei lokale gardbrukarane kunna ta i bruk ”danske” namneformer – også i hovudsokna i Voss kommune. Den gjeldande namnlova frå 1990 stramma inn på bruken av dei ”danske” formene, medan ei revidert namnelov i 2013 vil kunna opna opp igjen for bruk av desse.

Litteratur

- Jørgensen, Bent (1999) *Storbyens Stednavne*. København: Gyldendal.
- Olsen, Magnus (red.) (1910) *Norske Gaardnavne. 11. Søndre Bergenhus Amt*. Kristiania: Fabritius.
- Rygh, Karl (red.) (1903) *Norske Gaardnavne. 15. Nordre Trondhjems Amt*. Kristiania: Fabritius.
- Sandnes, Jørn og Ola Stemshaug (red.) (1997) *Norsk stadnamnleksikon*. 4. utgåva. Oslo: Det Norske Samlaget.
- SSR = Sentralt stadnamnregister.
- Stemshaug, Olav (1976) *Namn i Noreg*. 2. utgåva. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Utne, Ivar (2004) «Etternavn danna av navn på gårdsbruk – sett i et navnebeskyttelsesperspektiv». *Namn og Nemne* 21/22. 2003/2004:95-128.
- Utne, Ivar (2011) *Hva er et navn? Tradisjoner. Navnemoter. Valg av fornavn og etternavn*. Oslo: Pax.